

UTGJERSLO

Utgjerslo ligg på 160 m.o.h.

Utgjerslo var ein gamal husmannsplass som vart fråflytta i 1898 då dottera til siste husmannen døydde. Vigleik L. Mo flytta den gamle stova ned til sjøen i 1901. Han var smed og hadde bruk for ei smie. Legg merke til den gamle eldstaden ved tuftene.

Utgjerslo slik eg hugsar slåttonna: etter at me var ferdige med slåttonna heime og i husmannsplassen «Hagen», tok me til på Utgjerslo om lag i midten av juli. Kvelden før slipte han far fem-seks stuttljåer og eit par langljåer. Me gjekk opp om morgonen og var der til middag. Middag åt me heime. Nonsmaten tok me med oss oppatt. Det var brødmatt og saft og kaffi. Det var der eg smaka kaffi for fyrste gong. Det var fløyte i kaffien og sukkerbitar innåt. Det var der eg prøvde å læra meg å slå med stutturv. Graset var høveleg til det der. Turrhøyet måtte løypast på løypestreng ned til løo. Me ungane hadde jobben med å ta børane av strengen. Me greidde ikkje bera dei opp, men sleit dei oppi ei handkjerre og køyrde dei opp i løo. Der tok me av børtåga og løypekrokane. Når det minka med tåga, fekk me signal på strengen. Då måtte me bera tåg og krokar oppatt så fort som mogeleg. Me fekk skryt for dette arbeidet!

Me hadde ti hesjar på Utgjerslo som me hesja ein gong. Men var det eit godt grasår, måtte me hesja i fleire av dei ein gong til. Me slo på Utgjerslo til i byrjinga av 1960-talet.

GOD TUR!

Granvin turlag

Kjelde: «*Vigleik Mo- lokalkjend*».